

## Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 16. mars 2010.

Tilstades: Regionordførar Anne-Nora Oma Dahle, Arne Vinje, Torstein Tveito, Solveig S. Abrahamsen, Bjørn Nome, Olav Urbø, Sverre Sæter, Per Dehli, Ketil Kiland, Therese Hauger og sekretær Kjell Gunnar Heggenes.

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

### **Sak 17/2010 Referat frå rådmøte 16. februar 2010.**

*Vedtak: Referat frå rådsmøte 16. februar 2010 vert godkjent utan merknader.*

### **Sak 18/2010 Kollektivtrafikk i distrikta. Fornyng av avtalene mellom Telemark fylkeskommune og trafikkselskapa.**

Saken omkring avtalefornyng var og oppe i møte 16. februar der Vest-Telemarkrådet vedtok ei sterk oppmoding til Telemark fylkeskommune om å fornye avtalene med trafikkselskapa i same kontraktsform som no, dvs. nettokontrakter (tenestekonsesjonskontrakter).

Til grunn i dagens rådsmøte låg fylkesrådmannens innstilling til komande møte i infrastrukturutvalet med tilråding i 3 punkt.

I punkt 1 tilrår fylkesrådmannen at det vert nytta nettokontrakter, men tilrår samstundes i punkt 2 og 3 at det vert lagt til grunn ein innkjøpsstrategi som inneber konkurranseutsetjing og anbod i distrikta.

Å nytte anbod i distrikta er i strid med regionens klåre signal og bryt med politiske uttaler gjeve i fylkestinget.

*Vedtak:*

*Vest-Telemarkrådet vil peike på den store betydningen dei lokale trafikkselskapa har for distrikta, og ser med bekymring på fylkesrådmannens forslag om endra innkjøpspraksis frå 2011/2012. Ei viktig næring i regionen og eit betydeleg antal arbeidsplassar står på spel. Vest-Telemarkrådet vil understreke at Telemark fylkeskommune har politisk handlingsrom til å vente med å iverksetje mogleg anbodspraksis i distrikta. Ordlyden i EU sitt regelverk på området er nyleg endra, og det er grunn til å tru at nye endringar/tilpasningar vil kome.*

*Med utgangspunkt i tidlegare handsaming og signal framkome på rådsmøtet, får regionrådsleiar saman med regionordførar fullmakt til å lage uttale i saken.*

*Uttala vert å sende medlemmene av infrastrukturutvalet i Telemark fylkeskommune.*

### **Sak 19/2010 Attføringsssenteret i Rauland. Orientering ved dagleg leiar Svein Kostveit.**

Svein Kostveit og Toril Dale var tilstades og orienterte nærare om Attføringsssenteret i Rauland.

Bedriften er pr. definisjon eit sjukehus innan spesialisthelsetenesta, og har som hovudoppgåve å hjelpe personar med funksjonssvikt på ein måte som reduserer sjukefråvær og uførepensjonering. Attføringsssenteret har status som Nasjonalt kompetansesenter for arbeidsretta rehabilitering, og har ei sysselsetting på 60 årsverk fordelt på 80 personar. Bedriften har nyleg oppnådd akkreditering etter den amerikanske CARF-standarden som er rekna som den høgaste internasjonale akkrediteringa innan rehabilitering.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.*

**Sak 20/2010 Telemarkskanalen som regionalpark. Orientering.**

Frida Sviland orienterte nærare om saken.

Det er gjennomført eit forprosjekt i regi av Telemark fylkeskommune/Fylkesmannen i Telemark med føremål å prøve ut om intensjonane i den europeiske landskapskonvensjonen kan nyttast i eit samla konsept for regional utvikling.

Det vert no utarbeidd ein plan for å etablere Telemarkskanalen og området rundt som regionalpark i 2011. Planen skal vera eit reiskap for å få til eit sterkare og meir heilskapleg samarbeid med tanke på at området skal bli meir attraktivt for reiseliv, næringsutvikling og busetting. Planen vil kome opp til politisk handsaming kommunane og fylkeskommunen i fyrste halvår i år.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.*

**Sak 21/2010 Beredskap i kommunane. Orientering v/fylkesberedskapssjef Elisabeth Danielsen og beredskapskoordinator i Kviteseid Erling Tveiten.**

Erling Tveiten og Elisabeth Danielsen orienterte nærare om saken.

Ny sivilforsvarslov og ny beredskapslov inneber klårare plikter for kommunane, og set mellom anna krav til at kvar enkelt kommune skal ha beredskapsplan i høve til uønska hendingar. Erling Tveiten lanserte tanken om eit mogleg samarbeid mellom kommunane innafor beredskapsarbeidet, og skisserte moglege arbeidsoppgåver for ein felles beredskapskoordinator.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande. Rådmennene får ansvar for å fylgje opp krava i dei nye lovane og vurdere eit mogleg utvida samarbeid på dette området.*

**Sak 22/2010 Framtidig organisering av politiet. Drøfting med politimeister Anne Rygh Pedersen, driftseiningsleiar Geir Kjartan Lid m.fl.**

Tilstades frå politiet var Anne Rygh Pedersen, Geir Kjartan Lid og Bjørn Håvard Olsen.

Anne Rygh Pedersen orienterte om den siste utviklinga i prosessen omkring organiseringa av politiet, og Geir Kjartan Lid tok for seg utvikling og nye trendar innan kriminaliteten i Noreg. Temaet omkring framtidig organisering av politiet var også oppe i rådsmøte 16. februar 2010 der Vest-Telemarkrådet mellom anna kravde representasjon frå kvar enkelt av kommunane i ny arbeidsgruppe. Dette vart i møtet 16. mars avvist kategorisk av politimeisteren med grunngjevnad at arbeidsgruppa dermed blir for stor og uhandterleg.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande og vel rådmann Ketil Kiland som observatør i den nye arbeidsgruppa.*

**Sak 23/2010 Ymse.**

Samhandlingsreformen.

Vest-Telemarkrådet drøfta spørsmål frå Tokke kommune om kva for organ koordinatoren skal rapportere til: Rådmannsutvalet eller ei styringsgruppe bestående av 3 rådmenn, sjukehusdirektøren, adm. dir. ved Sjukehuset Telemark og to tillitssvalde.

Tokke har lagt til grunn at rett instans er rådmannsutvalet medan utlysinga viser til det andre alternativet.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet legg til grunn at koordinator skal rapportere til rådmannsutvalet og gjev Ketil Kiland i oppdrag å gje melding om dette til sjukehusdirektøren.*

Arkivtenester/arkivdepot.

Kommunane nyttar i dag det interkommunale arkivet på Kongsberg. Arkivet er i ferd med å bli for lite og ein planlegg nybygg som medfører auka kostnader for kommunane.

På bakgrunn av dette drøfta Vest-Telemarkrådet kort omkring arkivtenestene, ulike alternativ og kostnader i samband med desse.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet vil kome attende til saken på eit seinare tidspunkt.*

Mandat til rådmannsutvalet i høve til det vidare regionsamarbeidet.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet viser til den nye situasjonen som oppstår i 2011 då Fellesfondet er borte og finansiering av regionsamarbeidet vil måtte kome frå andre kjelder.*

*I tråd med tidlegare gjevne signal får rådmannsutvalet i oppdrag å utarbeide 2 – 3 ulike alternativ til bemanning av det framtidige regionsamarbeidet og forslag til organisering av dette.*

Pilgrimsvandring med Vest-Telemarkrådet.

Etter samtaler med prostidiakon Eilev Erikstein vert det lagt opp til å kombinere rådsmøtet 2. – 3. juni med ei pilegrimsvandring til kyrkja i Røldal. Ein ser for seg at rådsmøtet vert lagt til ettermiddag 2. juni med overnatting t.d. på Haukelisæter og pilegrimsvandring frå Bruhølen og fram til kyrkja.

*Vedtak: Regionrådsleiar får i oppdrag å førebu møtet/vandringa og orientere nærare på komande rådsmøte.*

Referent: Kjell Gunnar Heggenes